

Nyhetsbrev 2024 10

Produksjonstilskot og avløysartilskot -Høstens viktigste søknad

Viktige datoar

- Teljing av dyr 1. oktober
- Søknadsperiode 1. – 15. oktober
- **Søknadsfrist 15. oktober**
- Søknadar levert innan fristen 15.10 kan endrast fram til 29. oktober, utan trekk.
- Søknad kan leverast inntil 14 dagar etter søknadsfristen, dvs. fram til og med 29. oktober, men tilskotsutbetalinga vert då redusert med kr. 1.000 for kvar dag fristen vert overskriden.
- Søknadar levert seinare enn 14 dagar etter fristen vert avsist.
- Enkelte opplysningar kan endrast fram til og med 10. januar: avløysarutgifter, tal dyr på beite, ruge-egg levert i søknadsåret, livkyllingar solgt i søknadsåret

Informasjon om regelverk

Elektronisk søknadsskjema finn du på Altinn sine nettsider: [Altinn - Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket](#). Meir informasjon finn du på [Landbruksdirektoratet sine heimesider](#). Her finn du lenker til forskrift, rundskriv og [rettleiing til søknad](#).

Teljing av dyr pr. 1. oktober

Husk å telja dyra før du fyller ut søknaden. Dersom du held husdyrregisteret eller husdyrkontrollen oppdatert og nøyaktig til ei kvar tid, kan du nytte tala her. Elles bør du ut og telja dyra. Ved denne søknadsomgang kan du forutan **tal dyr** også søkje tilskot for areal, vekstar, dyr på beite, bevaringsverdige husdyrrasar, solgt grovfôr, avløysarutgifter m.m.

Areal- og kulturlandskapstilskot

I del 2 av søknaden kan du mellom anna søkje om areal- og kulturlandskapstilskot. Søknaden er førehandsutfylt med dei landbrukseigedomane du fekk godkjent i produksjonssøknaden i fjar. Merk at det kan vera endringar i arealdata sidan forrige søknadsomgang.

Sjå over opplysningane og sjekk at det er lagt inn korrekt(e) eigedom(ar), korrekt storleik og korrekt markslag. Klikk på lenka «Kart» ved den enkelte eigedom for å sjå areal registrert i NIBIO Gårdskart. Søknad om tilskot må vera i samsvar med gardskart.

Nokre praktiske tips

- Sjekk hjelpetekst og rettleiing for det du skal søkje på. Er du usikker på regelverket, kontakt kommunen.
- Følg opp varslemeldingar som kjem opp når du skal legge inn søknaden
- Hugs kravet om at dyr som kan søkjast som mjølkekryr og ammekryr må ha kalva på teljedato. I tillegg må det ikkje ha gått meir enn 15 månader sidan sist kalving (18 månader for

bevaringsverdige rasar). Alle storfe, uavhengig av alder som ikkje stettar desse krava, skal førast i kode 119 «Øvrige storfe»

- Hugs at avløysarutgifter kan etterregistrerast heilt fram til 10. januar, men du skal oppgi dei utgiftene du har hatt fram til søknadsdato.
- Sjekk at areala du søker på er rett, det er særleg viktig der fleire leiger areal på same eigedom. Areal som av ulike grunnar ikkje er i drift skal gjevast opp i kode 292 og 293 (Areal ute av drift). Når du registrerer bruk av areala til ulike kulturar skal tala øvst på sida «Disponert areal» og «Utfylt» vera like.

Tilskot til dyr på beite

Du kan søkja om beitetilskot for dyr føretaket ditt disponerer og som har beita i minst 16 veker, uavhengig av type beite (innmarksbeite, fulldyrka jord, overflatedyrka, utmarksbeite).

- Dyra må ha hatt tilfredstillande beitemogleigheter og hovuddelen av det daglege grovfôropptaket må ha skjedd ved beiting
- Berre ein mindre del av grovförinntaket kan vera grovfôr som er tilført utanfrå eller slått på staden
- Beitearealet skal ha tilfredstillande beitemogleigheter for det talet dyr som beiter der

Du kan i tillegg søka om tilskot for dyr som har beita i utmark i minst **5** veker. Om du har hatt dyr som har vore på beite i **16** veker, og som har vore på utmarksbeite minst 5 veker av dei 16 vekene, eller minst 5 veker utanom desse, kan du fylla inn tal dyr på begge stadane. Også for utmarksbeite må hovuddelen av det daglege grovförinntaket skje ved beiting i utmarka.

Kommunen kan krevja at du legg fram nødvendig dokumentasjon for at dyra har vore på beite. Slik dokumentasjon kan vera eigne notat (KSL), faktura for dyretransport, og/eller anna registrering som kan dokumentera tidsrommet og kor mange av ulike dyreslag på beita. Regelverket om beitetilskot kan vera vanskeleg å forstå, ta difor kontakt med kommunen om du er usikker. Statsforvaltaren i Rogaland har på deira nettside tidlegare publisert informasjon om dette [temaet](#).

Kontroll av spreieareal

I samband med kontroll av søknader om produksjonstilskot, kontrollerer kommunen ofte om regelverket for spreieareal er oppfylt.

Når ein nyttar spreieareal hjå andre, er det viktig at det føreligg skriftleg avtale om spreiling av husdyrgjødsel hjå andre. Samtidig skal det kvitterast på at gjødsla er motteken hjå vedkomande. Det hender at vi kontrollerer spreieareal i alle ledd – du som leverandør, gardbrukar som mottakar, og eventuelt transportør/formidlar. Då er det viktig at slike avtaler kan leggjast fram.

Vil også minne om at innmarksbeite ikkje kan nyttast som spreieareal før arealet er godkjent til dette av kommunen. Det er berre fulldyrka og overflatedyrka jord som automatisk er godkjent spreieareal. Utmarksbeite kan ikkje godkjennast som spreieareal, utan å først verte opparbeida som innmarksbeite. Ta gjerne kontakt dersom det er behov for å få godkjent innmarksbeite til spreieareal.

[Har du bruk for skjema til å skrive avtale og kvittering for husdyrgjødsel, finn du det her.](#)

Vil du beregne eige spreieareal, finn du rekneark [her](#).

Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengelig [her](#).

Ta kontakt om du treng hjelp til utrekninga.

Kontroll av gjødslingsplan

Av miljøomsyn er både spreieareal og gjødslingsplan tema kor kommunen vil ha stort fokus på ved kontrollar. Resultat så langt er hjå dei fleste positivt, og det syner at dei aller fleste har ein årleg gjødslingsplan, skiftenoteringar m.v. og gode avtaler med Norsk Landbruksrådgiving for jordprøvetaking og utrekning av gjødselmengd. Det er likevel føretaket sitt ansvar å justere den årlege planen ut frå tal dyr og spreieareal, og å ha god dokumentasjon på dette.

Hugs å sjekke søknaden nøyte

Det er føretaket som har ansvar for å sikre at opplysningane gitt i søknaden er korrekte, og at det kan dokumenterast at opplysningane er korrekte. Feil som kan føre til for høg utbetaling, kan resultere i at tilskotet vert avkorta. Kommunen skal gjennomføre kontroll av minst 10 prosent av søknadane.

Har du spørsmål

Ta kontakt med landbruksforvaltninga i kommunen dersom du har spørsmål til søknadsordninga.